



## Vaksenopplæring – retningsline

### Innleiing

Modalen kommune har etter lova plikt til å tilby norskopplæring til innvandrarar og grunnskuleopplæring for vaksne. I tillegg ynskjer kommunen å tilby vaksenopplæring også til innbyggjarar kor det ikkje føreligg lovkrav. Denne retningslina vil klargjere kven dette vil gjelde for, og i kva omfang.

### 1. Norskopplæring for innvandrarar

Modalen kommune har plikt til å tilby norskopplæring for personar som er busette i kommunen. Plikta gjeld ovenfor personar som har rett og/eller plikt til å gjennomføre norskopplæring om dei skal ha grunnlag for å søkje om permanent opphaldsløyve.

Kommunen må iverksetje opplæringa innan 3 månadar frå krav/søknad om opplæring er motteke.

#### *Personar med rett, eller rett og plikt til opplæring*

Rett til gratis opplæring gjeld personar med rett, eller rett og plikt til opplæring. Dette er personar med flyktningbakgrunn og deira familiar, samt familiegjenforente til norske og nordiske borgarar. Plikta gjeld for personar frå 16 (introduksjonsprogrammet: 18 år) – 55 år. For desse personane kan det etter søknad verte innvilga utvida opplæringstid inntil 2400 t basert på individuelle behov. Kommunen har plikt til å tilby gratis opplæring, som skal vere gjennomført innanfor ein periode på 5 år frå det tidspunktet rett, eller rett og plikt til deltaking inntrer.

Kommunen føl nasjonale retningsliner m.o.t. sakshandsaming og utforming av opplæringstilbod. Kommunen vil gjennom enkeltvedtak om optak til introduksjonsprogrammet også handsame rett og plikt til opplæring for dei det gjeld.

#### *Personar med plikt til opplæring*

Personar som kun har plikt til opplæring, har ikkje rett til gratis opplæring. Kommunen har likevel plikt til å tilby norskopplæring. Plikt til norskopplæring gjeld for arbeidsinnvandrarar utanfor EØS-/EFTA-regelverket i alderen 16 – 55 år, eller gjenforente med desse. Desse har plikt til å gjennomføre 250 t norskopplæring og 50 t opplæring i samfunnskunnskap. Modalen kommune gjev gratis opplæring i tråd med pkt. 4 i denne retningslina.

#### *Personar utan rett og/eller plikt til norskopplæring*

Modalen kommune tilbyr personar utan rett og/eller plikt norskopplæring. Kommunen tilbyr denne opplæringa i tråd med pkt. 4 i denne retningslina. Følgande personar vert omfatta korkje av rett og/eller plikt til norskopplæring:

- Studentar
- Au pairar og andre med mellombels opphold
- Nordiske borgarar
- Personar med opphald etter EFTA-/EØS-regelverket



# MODALEN KOMMUNE

## Rådmannen

### 2. Organisering av opplæringa

Modalen kommune vil på grunnlag av behov og kapasitet vurdere kvar opplæringa skal gjennomførast. Dersom kommunen har kompetanse og grunnlag for å etablere tilbod i Modalen, vil dette vere tilbodet. Dersom kommunen samarbeider med annan kommune, vil dette vere tilbodet. I tillegg vil ein kunne tilby plass v/ vaksenopplæringa i Lindås/Alver kommune så langt Lindås/Alver vurderer det er kapasitet og ynskje om å tilby slikt tilbod til personar utover eigen kommune.

I somme tilfelle vil ein måtte nytte læringskrefter t.d. v/ Universitetet i Bergen e.l.

I dei tilfella Modalen kommune finansierer opplæringa er det kommunen som avgjer kven som skal gje tilbodet.

Opplæringa skal vere tilpassa den einskilde utifrå kartlegging og rådgjeving av kva behov den vaksne har. Gruppestorleik skal vere basert på fagleg vurdering.

### 3. Grunnopplæring for vaksne

Retten til grunnskuleopplæring for personar over opplæringspliktig alder er regulert i opplæringslova kap. 4A. Modalen kommune har plikt til å tilby slik utdanning gratis.

Det vil på grunnlag av søknad gjennomførast kartlegging av opplæringsbehov v/ kvalifisert pedagog. Dette skal skje etter samtykke frå søker. Deretter vert det fatta enkeltvedtak om opplæring. I vedtaket skal det gå fram innhald og omfang for opplæring, m.o.t. timetal, tidsperiode, fag, organisering og opplæringsstad.

### 4. Oversikt stønadsnivå

Modalen kommune gjev gratis norskopplæring opp til nivå B1. Opplæring til nivå B2 skal gjevast dersom personen kan nå dette nivået i løpet av dei pliktfesta 600 timane (jfr. introduksjonslova).

Kurs i samfunnuskunnskap (50 t) vert gjeve gratis til personar med rett til slik opplæring.

### 5. Sakshandsaming

Vedtak knytt til introduksjonsprogrammet vert handsama av kundetorget, medan øvrige søknadar vert handsama av eining for skule og opplæring.

*Retningsline utarbeidd av:*

*Ove Sæbø, ass. rådmann 19.08.19*

*Kvalitetskontrollert av:*

*Jahn-Olav Nordheim, skulefagleg leiar og rektor v/ Mo skule 20.08.2019 – revisjonsansvarleg.  
Anita A. Eidsheim, ass. rektor v/ Mo skule 20.08.2019*